

MELAND KOMMUNE  
Havnevegen 41A  
5918 FREKHAUGDato: 26.11.2019  
Vår ref.: 2019/15120-6  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 19/2171 - 19/23151

Att. Laila Bjørge

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Sætre - gnr. 57, bnr. 8 - dispensasjon - flytting av overskotsmassar - Meland kommune**

Vi viser til brev datert 11.11.19 som gjeld søknad om dispensasjon for flytting av overskotsmassar og jordforbeholdende tiltak. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

På generelt grunnlag ynskjer vi å påpeke at tiltak som er skildra i denne saka kan vere i konflikt med kulturminnelova, tilsvarende saker skal difor sendast Hordaland fylkeskommune for vurdering.

Arkeologar ved Hordaland fylkeskommune har tidlegare vore på synfaring i området då det er registrert ein rekke automatisk freda kulturminne frå bronsealder og jernalder i nærleiken (gravrøyser og gravfelt, Askeladden id. 45471, 55208, 55207, 15804 og 25514). Ut frå ei vurdering av potensialet for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i arealet som blir påverka av tiltaka, er det ikkje naudsynt med ytterlegare markundersøkingar.

Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, men gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir oppdaga under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservatorSigrun Wølsted  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*